

FORSKRIFT OM VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA (SFO)

I ETNE KOMMUNE

Heimel: Fastsett av Etne kommunestyre 14.09.2026 i Lov om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa § 4-5 (Opplæringslova).

§ 1 Føremål med forskrifta

Etne kommune skal gje eit tilbod om skulefritidsordning (SFO) ved barneskulane i kommunen før og etter skuletid. Det er Etne kommune som eig og driv skulefritidsordninga.

Etne kommune driv SFO etter gjeldande lovverk, rammeplan for SFO, kommunen sine vedtekter og retningslinjer.

Opplæringslova § 4-5 seier dette om SFO:

Kommunen skal leggje til rette for leik og kultur- og fritidsaktivitetar i skulefritidsordninga. Aktivitetane skal vere tilpassa alderen, funksjonsevna og interessene til barna. I skulefritidsordninga skal barna få omsorg og bli passa godt på, og barn med nedsett funksjonsevne skal få gode utviklingsvilkår.

Tilbodet er for born i 1. – 4. årstrinn og for born med særskilte behov for tilrettelegging i 1. – 7. årstrinn.

§ 2 Verkeområde

Forskrifta gjeld for dei kommunale fritidsordningane i Etne kommune og vil vera gjeldande frå vedtaket blir fatta i kommunestyret 14.september 2026.

§ 3 Eigartilhøve

Dei kommunale skulefritidsordningane er ein del av skuleverksemda og er eigde av Etne kommune.

§ 4 Bemanning og leing

Rektor har det overordna ansvaret for skulen si skulefritidsordning, og SFO skal ha dagleg leiar med relevant fagleg utdanning. Dagleg leiar og personalet skal driva SFO i samsvar med § 4-5 i Opplæringslova og [Rammeplanen for SFO](#). Det er krav om politiattest for dei som jobbar i SFO.

SFO skal ha ei forsvarleg bemanning, og borna skal bli ivaretatt med tanke på omsorg, trivsel og tryggleik. Rettleiande gruppestørleik er 15 born per vaksen og bemanninga blir avgjort av rektor etter prinsippet om forsvarleg drift. Når det er få born til stades, kan skulen organisera SFO med éin vaksen.

§ 5 Kriterium for opptak

Skulefritidsordninga er eit tilbod før og etter skuletid for 1. – 4. trinn og for born med eit særskilt behov til og med 7. trinn. Hovudopptaket med søknadsfrist 1. mars ligg til grunn for kommunen si planlegging av bemanning, gruppestorleik og organisering av SFO-tilbodet kommande skuleår. Elevar som søker innanfor søknadsfristen vil få tilbod om plass frå starten av skuleåret.

Søknadar som kjem inn etter fristen blir behandla fortløpande. Dersom kommunen ikkje kan tilby plass frå ønska tidspunkt eller ved ønska SFO, skal kommunen vurdere alternative løysingar og tilby plass så snart det er praktisk og forsvarleg mogleg.

Vedtak om opptak blir gjort som enkeltvedtak. Dersom kommunen ikkje kan tilby plass frå ønska tidspunkt eller ved ønska SFO, skal dette grunngjevast i vedtaket.

Barnet har plass til barnet er ferdig med 4. trinn/7.trinn, eller til plassen blir sagt opp i systemet ein brukar ved skulane (<https://skole.visma.com/etne/>). Ved flytting til ein annan skule i kommunen vil plassen ved SFO følgja med.

Søknad til ferieveke vil vera 1. september for haustferien og 1. januar for vinterferien.

§ 6 Opptaksmynde

Rektor har mynde til å fatta vedtak om opptak i ordinær SFO ved sin skule og til SFO på undervisningsfrie dagar. Formannskapet er klageinstans. Klagefrist er tre veker frå det tidspunktet søkjaren får vedtaket.

§ 7 Opptaksperiode

Kommunen har eitt hovudopptak til ordinært SFO-tilbod med søknadsfrist 1. mars. Påmelding, endring av tilbod eller oppseiing blir gjort via: : <https://skole.visma.com/etne/>. Det kan søkjast om plass etter fristen og gjennom heile skuleåret. For elevar på 1.-3.trinn blir søknadar som kjem inn etter fristen behandla i samsvar med retten til gratis SFO etter opplæringslova. Dersom kommunen ikkje har ledig kapasitet ved den aktuelle skulen eller frå ønska oppstartstidspunkt, kan kommunen tilby oppstart på eit seinare tidspunkt eller ved ein annan SFO dersom dette er naudsynt for å etablere eit forsvarleg tilbod.

Prioritet ved opptak utover hovudopptaket;

1. Elevar med særskilde behov
2. Elevar på 1. – 3. trinn som søker gratis SFO-tilbod, utvida tilbod eller endring av eksisterande plass
3. Elevar på 4. trinn

Alle born som er innmelde i skulefritidsordninga, er påmelde ut 4. trinn om ikkje føresette seier opp plassen tidlegare.

§ 8 Frist for oppseiing av plass og endring av opphaldstid

Oppseiingstida er to månader rekna i frå den første i påfølgjande månad. Oppseiinga må vera registrert seinast innan utgangen av mai dersom eleven ikkje skal nytta SFO-plassen

neste skuleår. Det er ei bindande påmelding til skulefritidsordninga. Sjølv om barnet ikkje har nytta plassen, starta på SFO, må plassen seiast opp om ein ikkje skal nytta plassen.

Viss ein vil auka opphaldstida, gjeld dette som ei påmelding til anna opphald og opptakskriteria gjeld. Ved ledig kapasitet kan skulen avtala å auka opphaldstida med verknad frå same dag.

Ved eit ynskje om å redusera opphaldstida gjeld dette som ei oppseiing av ein del av tilbodet, og reglar for oppseiing gjeld.

§ 9 Opphaldstid

Det vil vera sju ulike tilbod om SFO i skulevekene. SFO-tilboda er alternative opphaldstilbod og kan ikkje kombinerast. Føresette må ved opptak velja eitt tilbod for barnet. Endring til anna tilbod skjer etter søknad og gjeld frå fastsette endringspunkt.

I tillegg vil det vera mogeleg å kjøpa ferieveker før skulestart i august, haustferie, vinterferien og etter skulestart fram til 1. juli og planleggingsdagar når det er tilbod om SFO på planleggingsdagar. Det er bindande påmelding til dagar og ferieveker.

Tilbod SFO i skulevekene			
1.-3.trinn			
1.-3. trinn	0	Gratis SFO-plass	1 time før skulestart kvar skuledag. 1 time og 24 minutt etter skuletid kvar skuledag. <i>Opphaldstida kan ikkje disponerast fritt eller fordelast på andre tidspunkt enn dei som er fastsett.</i>
1.-3. trinn	1	Morgon	Kl. 07.00 – skulestart. <i>Reduksjon i pris grunna 1 time gratis kjernetid pr dag.</i>
1.-3. trinn	2	Ettermiddag	Til kl. 16.30. <i>Reduksjon i pris grunna 1 t og 25 minuttar gratis kjernetid pr dag.</i>
1.-3. trinn	3	Halv plass kort	Kl. 07.00-15.30. <i>2 dagar ei veke, 3 dagar ei anna veke. Særleg tilrettelegging kan bli gjort. Fordeling av dagar skal meldast inn for hausten 1. juni, våren 1. desember. Reduksjon i pris grunna 2 timar og 25 minuttar gratis kjernetid pr dag.</i>
1.-3. trinn	4	Halv plass Lang	Kl. 07.00-16.30. <i>2 dagar ei veke, 3 dagar ei anna veke. Særleg tilrettelegging kan bli gjort. Fordeling av dagar skal meldast inn for hausten 1. juni, våren 1. desember. Reduksjon i pris grunna 2 timar og 25 minuttar gratis kjernetid pr dag.</i>

1.-3. trinn	5	Heil plass kort	Kl. 07.00-15.30. <i>Reduksjon i pris grunna 2 timar og 25 minuttar gratis kjernetid pr dag.</i>
1.-3. trinn	6	Heil plass lang	Kl. 07.00-16.30. <i>Reduksjon i pris grunna 2 timar og 25 minuttar gratis kjernetid pr dag.</i>
4. trinn			
4. trinn	1	Morgon	Kl. 07.00 – skulestart.
4. trinn	2	Ettermiddag	Skuleslutt - kl. 16.30.
4. trinn	3	Halv plass Kort	Kl. 07.00-15.30. <i>2 dagar ei veke, 3 dagar neste veke. Fordeling av dagar skal meldast inn for hausten 1. juni, våren 1. desember. Særlege endringar kan skje i løpet av hausten om det må gjerast.</i>
4. trinn	4	Halv plass Lang	Kl. 07.00-16.30. <i>2 dagar ei veke, 3 dagar neste veke. Fordeling av dagar skal meldast inn for hausten 1. juni, våren 1. desember. Særlege endringar kan skje i løpet av hausten om det må gjerast.</i>
4. trinn	5	Heil plass Kort	Kl. 07.00-15.30
4. trinn	6	Heil plass lang	Kl. 07.00-16.30

Tilbod SFO i feriar og planleggingsdagar		
1.-4. trinn	Planleggings-dagar	Det vil vera mogeleg å kjøpa dag når det er tilbod om SFO på planleggingsdag. Sjå informasjon i skuleruta. Påmelding for hausten: 1. september. Påmelding for våren: 1. januar.
1.-4. trinn	Ferieveke	Det vil vera mogeleg å kjøpa ferieveker før skulestart i august, haustferien, vinterferien og etter skuleslutt i juni fram til 1. juli. Påmelding til haustferien: 1. september. Påmelding til vinterferien: 1. januar. Påmelding til etter skuleslutt i juni: 1.mai. Påmelding til før skulestart i august: 1.mai.
1.4. trinn	Kjøp av dag	Det vil vera mogeleg å kjøpa feriedag når det er tilbod om SFO i ferievekene og det er ledig plass med tanke på bemanning.

§ 10 Gratis tilbod på SFO for 1. – 3. trinn

Etne kommune tilbyr gratis SFO gjennom tilbud 0 i modellen over. Kjernetida er plassert 1 time før skulestart og 1 time og 24 minuttar etter skuletid. Dette blir å rekna som fast gratis plass med definerte opphaldstider.

Opphaldstida kan ikkje disponerast fritt eller fordelast på andre tidspunkt enn dei som er fastsett. Heimen skal ved opptak opplysa kva dagar eleven skal nytta gratis SFO-plass. Opplysningane dannar grunnlag for kommunen si planlegging av bemanning, organisering og kapasitet i SFO. Endringar skal meldast skriftleg til SFO-leiar minimum ein måned før dei tek til å gjelda.

For prisar sjå taksthefte som ein finn på www.etne.kommune.no

§ 11 Foreldrebetaling og fakturering

Betalingssatsar:

Kommunestyret fastset satsar for foreldrebetaling i SFO i den årlege budsjetthandsaminga i desember. Betalingssatsane kan endrast etter vedtak i Kommunestyret med påfølgjande ein månads varslings tid. Gjeldande takstar kjem fram i takstheftet for Etne kommune. Informasjon om gjeldande prisar ligg på kommunen si nettside og på skulane sine heimesider. Ved prisendring går kommunen ut med ekstra informasjon til foreldra. Det vil bli kravd betaling for 10 månadar halv måned i august og halv måned i juni. Faktura for kjøp av ferieveke, dagar og planeleggingsdagar kjem i aktuell måned. Påmelding til ferie SFO er bindande og vil bli fakturert sjølv om den ikkje er brukt. Barn med særskilte behov skal ikkje påleggjast ekstra kostnader for naudsynt tilrettelegging eller transport.

Redusert foreldrebetaling:

Eit hushald skal ikkje betala meir enn 6% av brutto skattbar inntekt. Dersom betalingssatsen er høgare enn 6% av skattbar inntekt, vil ein ha rett på redusert betaling. Sjå meir informasjon på kommunen sine sider: [Skulefritidsordning \(SFO\) - Etne kommune](#)

Søskenmoderasjon:

Det blir gitt søskenmoderasjon. Moderasjon skal omfatta sysken som bur fast saman. Sysken blir definerte som heil- og halvsysken. Søskenmoderasjon vert også gjeve på tvers av barnehage og SFO. Gjeldande moderasjon er:

- 32% for fyrste sysken.
- 50% for andre og fleire sysken.

Misleghald av faktura:

Det blir sendt ut faktura etterskotsvis kvar måned med betalingsfrist på 2-3 veker. Manglande betaling kan føra til at barnet mister plassen i SFO.

Ikkje fritak p.g.a tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging:

Tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging etter Opplæringslova kap.11 blir ikkje lagt til SFO-tida.

Fritak/reduksjon på medisinsk grunnlag

Det kan bli gitt i heilt spesielle høve når barnet har kronisk sjukdom eller omfattande funksjonshemming og lege eller annan faginstans har gitt skriftleg tilråding om at barnet bør gå i SFO. Ei heilskapsvurdering av samla støttetiltak og andre tilhøve blir lagt til grunn når søknaden blir vurdert.

§ 12 Leike- og opphaldsareal

SFO nyttar ulike rom på skulen, både ute og inne. Areal, både ute og inne, skal vera eigna for formålet og vera godkjent etter [Forskrift om miljøretta helsevern i skular](#).

§ 13 Innhald og ordensreglar

SFO-innhaldet skal følgja Etne kommune sin kvalitetsplan for oppvekst, Opplæringslova §4-5 og [rammeplan for SFO](#). SFO-leiar har ansvar for å utarbeida ein lokal årsplan. Årsplanen skal leggjast fram i det fyrste møtet i FAU kvar haust.

Reglane om elevane sitt skulemiljø og reglane for elevane sin tryggleik gjeld også for SFO ([Opplæringslova kapittel 12](#)). Kommunen sin [plan for eit trygt og godt skulemiljø](#), og den lokale planen ved den enkelte skule er gjeldande også for SFO.

SFO skal ha eigne ordensreglar med utgangspunkt i dei felles ordensreglane som gjeld for kommunen.

§ 14 Generelt

a. Måltid

Det blir lagt opp til måltid, og eiga betaling for dette. Føresette betaler sjølvkost som blir fakturert saman med den faste betalinga kvar månad.

b. Skyss

Skyss til og frå SFO er foreldra sitt ansvar. For born i SFO som er funksjonshemma og mellombels skadde eller sjuke, gjeld [Regelverk for skulefritidsordninga](#), Udir. *Barn som har plass i skulefritidsordningen og som på grunn av funksjonshemming eller midlertidig skade eller sykdom har behov for skyss, har rett til skyss til og fra skulefritidsordningen. Retten gjelder uavhengig av avstanden mellom hjemmet og skulefritidsordningen. Retten gjelder ikke i skoleferiene.*

c. Forsikring

Borna er ulukkesforsikra gjennom kommunen si ordning den tida dei er i SFO.

d. Medverknad

Foreldra kan gje innspel om SFO ved eigen skule gjennom FAU. Foreldra gjev tilbakemelding på korleis dei opplever SFO-tilbodet gjennom ei årleg undersøking. Undersøkinga blir presentert i Hovudutvalet.

§ 15 Endring av forskrifta

Kommunestyret fastset forskrifta for SFO. Endringar av forskrifta skal gjerast av kommunestyret.

Kommunedirektøren har mynde til å endra forskrifta når dette er som følgje av endringar i lov, avtaleverk eller kommunen sitt årlege budsjettvedtak.

Siste utgåve blir lagt ut på kommunen si heimeside.

§ 16 Oppfølging og evaluering

Kommunen skal årleg rapportera til Hovudutvalet om korleis SFO fungerer for borna med tanke på deltaking, inkludering, tilrettelegging og erfaring.